



Finnøy kommune

Til høringsinstansar

Forslag til ny kommuneplan for Finnøy 2019-2029 – arealdelen Høyring og offentleg ettersyn

Forvaltningsstyret i Finnøy vedtok i møte 20.02.2019 å legge forslag til ny kommuneplan for Finnøy kommune 2019-2029 – arealdelen til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker i tråd med plan- og bygningslovas §11-14. Høyringsperioden for planforslaget er frå 12.3 – 26.4.2019.

I 2020 blir dagens Finnøy kommune del av nye Stavanger kommune. Arbeidet med å revidere kommuneplanen er ei prioritert oppgåve før kommunesamanslåinga, og ein viktig del i arbeidet med å byggje den nye kommunen.

Forslag til ny arealdel er utarbeida med grunnlag i kommunal planstrategi 2016-2019 vedtatt av kommunestyret 5.10.2016, planprogram for kommuneplanarbeidet 2019-2029 vedtatt i kommunestyret 06.09.2017, og ny samfunnsdel 2019-2029 vedtatt i kommunestyret 19.12.2018.

Forslag til ny arealdel er nå utarbeida og vert med dette sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Alle dokument ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside her: <https://goo.gl/jqwft9>

Merknader til planen vil bli vurdert og innarbeida i endeleg planforslag i april og mai. Revidert plan vert lagt fram for politisk godkjenning sommaren 2019. Endeleg handsaming av planen vil skje i kommunestyret i september 2019.

Eventuelle merknader til planforslaget vert sendt til Finnøy kommune, Judabergvegen 6, 4160 Finnøy, epost: post@finnoy.kommune.no, merka «høyring kommuneplan arealdel » innan 26. april 2019.

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til prosjektleiar i Stavanger kommune Linda Christine Olsen tlf. 51507695, e-mail linda.christine.olsen@stavanger.kommune.no eller til Else May Sevheim i Finnøy kommune tlf 51 71 47 00, e-mail post@finnoy.kommune.no

Med helsing
Karin Dokken Austvik
rådmann